

Notert



Illustrasjonsfoto: Fredrik Larsson

Trekker konsesjon til aksjeselskap

Gårdskjøp. Landbruksdirektoratet har opphevet Vestby kommunes vedtak om å gi konsesjon til et aksjeselskap som ønsket å drive en gård i kommunen.

Kommunestyret ga ved to anledninger konsesjon til aksjeselskapet, etter først å ha fått vedtaket omgjort av Fylkesmannen i Oslo og Viken. Landbruksdirektoratet har vurdert saken, og kommet til samme beslutningen som fylkesmannen.

Ifølge Norges Bondelag åpner konsesjonsloven for at aksjeselskaper kan få konsesjon, men skriver videre at det stilles strenge vilkår med hensyn til blant andre styresammensetningen og aksjeeier.

Direktoratet mener det i denne saken ikke er vilkår for å gi konsesjon.

«Gården er av en slik størrelse at det vil være fullt mulig å bosette seg og drive gården som privatperson. Omdanning til AS gir altså ingen driftsmessige fordeler, opp mot målsettingen om at landbrukseiendommer i størst mulig grad skal eies av fysiske personer som bebod og driver sin egen landbrukseiendom», skriver Norges Bondelag om vedtaket.

I vedtaket står det at direktoratet ikke ser at det vil være en fordel ved at det er et aksjeselskap som eier gården:

«Vi kan ikke se at det er lov-givers intensjon å bruke vilkår for å kompensere for at eierformen aksjeselskap ikke byr på fordeler opp mot målsettingen om at landbrukseiendommer i størst mulig grad skal eies av fysiske personer som selv bebod og driver sine eiendommer.» ©nationen

Må bedre rutiner for slaktning

Kylling. Nortura Hærland i Eidsberg kommune har fått pålegg fra Mattilsynet om å sikre at alle kyllinger får kappet av hodet slik de skal. Mattilsynet avdekket ved et tilsyn den 18. juli i år at en kylling passerte to ansatte, med hode på, uten at de så det, det melder Smaalenenes Avis.

I utgangspunktet skal maskinene kappe hodene av fuglene på en kjapp og effektiv måte, etter at de har blitt bedøvd. Hvis maskinen svikter skal en som arbeider på slakteriet stå klar til å kappe hodet av fuglen manuelt. Det skjedde ikke denne dagen.

«For å sikre at ingen dyr lider unødig, må dere gjennomføre tiltak slik at alle dyre dekapiteres (halshogges, journ. anm.) etter gasstunnel og før de går videre til skålderkar og ribbemaskin», skriver Mattilsynet. ©nationen

Osteeksport

– Må gå runde om WTO-reglar

For å kunne videreføre osteeksporten må ein gå i dialog med styresmaktene, ifølgje landbruksforskar, som seier ei løysing innanfor WTO-reglane er mogleg.

Ole Kristian Romsaas går i spissen for eit gryande opprør mot utflagginga av eksporten av jarlsbergost.

Han og fleire produsentlagsleiarar i Tine krev at Tine viderefører eksporten utan eksportstøtte og heller tar tapet på eiga kappe. Ei utrekning viser at det vil vere langt billigare enn den førestående nedskaleringa av mjølkeproduksjonen, som er rekna å koste milliardbeløp.

Tilpassing til WTO-reglar

Dagleg leiar i AgriAnalyse, Christian Anton Smedshaug, seier ei slik løysing føreset at styresmaktene blir med på laget.

– I tilfelle må ein setje seg ned med styresmaktene og finne ei løysing som er akseptabel innanfor WTO-reglane, seier han.

– Kan WTO-reglane vere til hinder?

– Eksport i denne modellen føreset at ein bruker ein lågare råvarepris på mjølka som går til å lage ost for eksport enn det som er den nasjonale marknadspri-sen på mjølk. Ein må gå ein runde med styresmaktene for å finne ei WTO-kompatibel løysing. Det er norske styresmakter som må forsvare det overfor WTO, så derfor må ein gå ein runde med dei om ein ønsker at eksporten skal halde fram, seier Smedshaug, som seier det på den måten ikkje berre er opp til Tine å videreføre eksporten med tap.

– Så ei slik løysing er mogleg?

– Alt er på eit vis mogleg viss det er politisk vilje, men det vil krevje nye ordningar. Hypotetisk sett er det mogleg å tenke seg ei eksportløysing i noko mon, men det er ikkje eit lågterskeltilbod slik saka står nå, seier han.

Uventa milliardsmell

At kostnaden for nedskaleringa av mjølkeproduksjonen på grunn av stopp i eksporten skulle kome til å koste milliardbeløp trur Smedshaug har kome overras-kande på mange.

– Ingen tenkte på kostnader i milliardklassen?

– Nei, ein trudde på ein etterspørselsvekst som ikkje har kome. Stortingsmeldinga «Velkommen til bords» i 2012 viste til folketalsvekst med 20 prosent fleire innbyggjarar dei neste 20 åra og ein prosent vekst i etterspørselen i året, men det har blitt ein mindre auke i folketal og kjøpekraft - og importen har tatt veksten. Føresetnadene har ikkje slått til. Det er nok litt overraskande ut frå den strategien som vart lagt og dei prognosane ein hadde, seier Smedshaug.

Han viser til at ingen venta så kraftige kutt i mjølkeproduksjonen som ein nå står over.

– Få var førebudde på at det skulle bli så gale, seier han.

Bjarne Bekkeheien Aase

bjarne.aase@nationen.no



Milliardtap: Dagleg leiar i AgriAnalyse, Christian Anton Smedshaug, seier få venta at bortfallet av osteeksporten skulle få så store konsekvensar som ein nå står over. Ei videreføring av eksporten trur han kan vere mogleg om regjeringa blir med på laget.

Foto: Bjarne Bekkeheien Aase

Fakta

Eksportstøtte og kvotereglar

• I 2015 gjekk først regjeringa, så WTO, inn for å fase ut all bruk av eksportstøtte til landbruksvarer. Stortinget slutta seg til og vedtok utfasing frå 1. juli 2020.

• Fleirtalet på Stortinget skreiv at utfasinga «må gjennomføres på en måte som sikrer muligheter for en gradvis tilpasning til en ny konkurransesituasjon, også gjennom at avbøtende tiltak vurderes».

• Eksportstøtta til ost blir finansiert av prisutjamningsordninga (PU) for mjølk, som er ei sjølvfinansierande ordning med avgifter på og tilskot til ulike meierivarer. Eksporten har vore nær 12.000 tonn ost i året, opp mot 8% av den totale norske mjølkeproduksjonen.

• Bønder kan kjøpe, selje og leige ut mjølkekvotar til kvarandre innanfor kvar region.

For leige er det ingen restriksjonar. Blir kvoten seld må minst 20 % seljast til staten for 2,50 kr pr. liter. Resten kan seljast privat til marknadspri-s.

• Før har staten selt ut igjen kvotane, men i siste åra er det vedtatt å stoppe vidaresal og finansiere det med bondebetalt omsetningsavgift.

• I jordbruksavtalen gjekk partane inn for at nedskaleringa av produksjonen, som kan bli på rundt 100 mill. liter mjølk, skal skje ved bruk av forholds-talet og ved oppkjøp av kvotar finansiert med omsetningsavgift. Korleis ordninga blir skal partane bli einige om innan 1. oktober. I mellomtida er det innført stopp i kjøp og sal av kvotar. Omsetningsavgifta for mjølk auka òg med 10 øre pr. liter frå 1. juli for å legge til rette for oppkjøp av kvotar.

Deler av klimarapport om biff trekkes tilbake

MILJØ

Instituttet for Agroøkologi på Aarhus Universitet stod som avsender for en rapport som sa at alkohol, kaffe og godteri er større klimasyndere enn oksekjøtt. Deler av rapporten ble skrevet av den danske bondeorganisasjonen.

Rapporten fra den danske instituttet fikk raskt etter at den var blitt publisert kritikk for å bagatellisere klimapåvirkningen fra storfekjøtt. I ettertid har det vist seg at rapporten er finansiert av landbruket.

Forskerne skal ha hevdet at rapporten har vært utført uten påvirkning fra landbruket. I forrige uke kunne avisen Information derimot fortelle at blant andre kjøttelskapet Danish Crown og bondeorganisasjonen

Landbrug & Fødevarer har vært en del av prosjektet med rapporten.

De skal til og med ha fått skrive deler av rapporten, fått velge bilde til forsiden og tittel på rapporten.

Leder sa opp

I rapporten pekte forskerne på at alkohol, kaffe og godterier har større klimaavtrykk enn oksekjøtt.

Det er Aarhus Universitet som står som den offentlige avsenderen av rapporten, men i prosjektbeskrivelsen står det at Landbrug & Fødevarer kun skulle få ekstern bistand fra universitetet med rapporten.

Universitet har selv startet en etterforskning av saken, men allerede har de konkludert med at ansvaret ligger hos lederen for instituttet, skriver Danmark Radio. Han skal ha blitt enig med



Dårligere: I rapporten trekker forskerne frem at kaffe og alkohol er dårligere for klima enn oksekjøtt.

Foto: Colourbox

universitet om å si opp sin stil-ling.

Fikk støtte fra kjøtt-fond

Rapporten skal blant annet ha fått støtte fra Kvægafgifts-fonden, som har som mål å styrke storfekjøttsektoren i Danmark.

Universitet vil fremover holde obligatoriske kurs for ansatte i retningslinjene for god forskningspraksis, god formidlingspraksis og god praksis for samarbeid med eksterne parter.

Jon-Fredrik Klausen

jon-fredrik.klausen@nationen.no